

Til
Helse- og omsorgsdepartementet ved politisk leiing
Storingsrepresentantane i Sogn og Fjordane

Pensjonistane sine tannhelsekostnader må innlemmast i eigenandelsordninga.

Tennene og munnen er ein del av kroppen vår, og god tannhelse er viktig for den samla helsetilstand. Tannlegekostnadane kan for mange bli betydelege, og må no bli jamstilte med legekostnader for andre deler av kroppen, og innlemma i eigenandelsordninga.

Dette er eit velferdskrav som pensjonistforbundet har sett fram over lang tid, og som snarleg må finne si løysing.

Regjeringa Støre kom i sitt budsjett for 2022 med ei ordning som omfatta ei lita ungdomsgruppe. Dette var for puslete, og ei reform må få ei heilt anna framdrift, og omfatte alle aldersgrupper.

Pensjonistforbundet meiner at Stortinget må styrkje finansieringa av eigenandelsordninga, og innlemme tannpleie i denne, gjennom ein avtale med tannlegane.

Pensjonistane er den gruppa som har hatt den svakaste inntektsutvikling dei siste åra. Derfor ville det vere naturleg at denne omlegginga, som eit første steg, omfattar alle pensjonistar over 67 år.

Dei lokale Pensjonistlaga ser på dette som ei viktig velferdsreform.

Fråsegn frå årsmøte i Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane 4.-5.april 2022